



SAKSFRAMLEGG

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Vinje løypelag - Søknad om tilskot til ny løype/preppemaskin

Vedlegg

- 1 Vinje løypelag - Søknad om tilskot til kjøp av ny løypemaskin
- 2 skann
- 3 Løypekjøringsgodtgjersel
- 4 Skåringsskjema for Vinje løypelag DA

Dokument i saka

Sak 2023/6037
Sak 2022/2207

Bakgrunn

Vinje løypelag har sidan 2013 trakka skiløypene rundt Bøgrend. Stor dugnadsinnsats i tillegg til gåver, gjorde at dei greidde å finansiere opp ei løypemaskin frå 2005 i 2014.

Denne løypemaskina har gjort jobben, men no byrjar vedlikehaldskostnadane å bli så store at det er rett å sjå om det kan finnast ein erstatning. Dessverre har prisutviklinga på slike maskiner vore formidabel i feil retning, så det er snakk om stor investering for eit lite løypelag.

Det blir difor søkt om kr 1 500 000,- i støtte til kjøp av ny preppemaskin.

I tillegg er det søkt om midlar for utbetring av løypetraséen på kr 300 000,-.

Vurdering

Det er inga tvil om at Vinje løypelag har gjort, og gjer ein formidabel innsats i arbeidet for å legge til rette gode skiløyper i området sitt. Det er dugnad i høve til prepping, men og i høve til å rydde og halde traséane i god stand.

Ei løypemaskin vert utsett for stor slitasje på kvar tur, og skader/reperasjonar er ikkje til å unngå. Løypelaget gjer det meste av vedlikehalde sjølve, men delane er ekstremt kostbare slik at det likevel er relativt store summar som går til vedlikehald.

For ei grend er det viktig å ha lokalt tilbod i høve til å oppretthalde busetnad. I tillegg er det ein viktig del i høve til folkehelsa og i dette høvet lett tilgjengeleg og kan nyttast av alle. Det er sidan 2013 lagt ned mykje arbeid med løypene, slik at det i dag er tilbakemeldingane særst gode. Det er mange som nyttar desse løypene, også frå andre stader i kommunen.

Vinje løypelag, får ein del av den årlege potten til løypekøyting frå kommunen, som for 2024 var kr 194 250,-. Den løyvinga er til og med 2025. Men det går truleg med til drift av maskina. Slik prisbiletet på løypemaskiner har blitt, er det mest uråd å for eit lite lag å kunne handtere ei så stor investering utan offentleg støtte. I samtale med søkjarane er det avklara at Vinje løypelag ikkje er godkjente som søkjarar til spelemidlar.

I sak 2023/6037, vart det gjort vedtak på at Rauland Turist AS fekk ei monaleg auke av den årlege støtta til løypekøyting (om lag 80%), mykje av same orsak som Vinje løypelag no skildrar. Det er òg varsla liknande søknadar frå dei andre, Øyfjell, IL Rein, Vinje IL og Vågsli. Eit vedtak i denne saka vil difor skape presedens.

Det er liten tvil om at å ha gode skiløyper er ein viktig del av tilbodet ein har i Vinje, kanskje den mest viktige, vinterstid. Dette er, og har vore, høgt prioritert både hjå administrasjon og politikarar i Vinje kommune.

Kommunedirektøren meiner det er to måtar å handsama dette på;

1. Handsama søknaden som den er sett opp og løyve ei støtte til kjøpet av maskina. I dette høve er det omsøkt kr 1500 000,-.
2. Handsama søknaden på same vis som i sak 2023/6037, og auke det årlege tilskotet slik at dei ulike laga vert i stand til å handsama ev auka rente/nedskrivings kostnader.

I alt. 1, legg ein til grunn dei retningslinene for støtte til enkeltprosjekt og skåringsskjema, kan ein imøtekoma søknaden med kr 1 500 000,-, om lag 50% av investeringa.

Ein avvik truleg noko i høve til alder på søkjar, og at dette ikkje er noko nytt. Søknaden kom før årsskifte, slik at då har ein handsama uavhengig av ramma som er sett for 2025. Dette vil føre til presedens i liknande saker, men den til ein kvar tid økonomiske situasjon vil overstyre dette.

I alt. 2, kan ein auke den faste delen på årlege støtta med kr 180 000, slik at ny årleg sum, for Løypelaget, vert om lag kr 375 000,- avhengig av tal på køyrde km pr sesong. I samband med dette vil ein utarbeide liknande støtte til dei andre destinasjonane, slik at dette blir likt for alle destinasjonane. Dette vil samla føre til ei auke på om lag kr 1 500 000,- pr år, til ein årleg løyving på nær kr 6 430 000,-.

Kommunedirektøren meiner det er vanskeleg å ikkje imøtekoma søknaden. Ideelt sett skulle slikt vore sjølvfinansierande gjennom ordningar der brukarane tek større ansvar sjølve for løypenettet, gjennom ordningar som Vippsing til løypelaget, men færre soknar til løypenettet Bøgrend - Våmartveit - Kostveit.

Kommunedirektøren tilrår å bruke alt. 1 og ei løyving på kr 1 500 000,- til kjøp av preppemaskin, då det ikkje gjev direkte binding seinare, bortsett frå presedens. Men det fører òg til at det blir lite føreseieleg for dei andre aktørane i «preppebransjen».

Vedlikehald av løypenettet

I høve til søknaden om støtte til utbetring av traséen har sakshandsamarar der og freista å finne finansiering gjennom spelemidlar, men får negativt melding grunna at Løypelaget ikkje er godkjente for spelemidlar.

Det er skissert ein del grunnarbeid og utbetringar av løypetraseen, noko som ofte heng saman med ny preppemaskin. Men i denne samanheng er det som følgje av ein del drenering og soleis nye rør for leiing av vatn.

Rauland Turist, fekk 1 mill. til liknande arbeid i høve til si utviding av løypenettet. Det blir difor vanskeleg å ikkje imøtekoma denne søknaden, utan at det følast som ulik behandling.

Det er også her synt stor dugnadsinnsats, slik at dei reelle kostnadane er kanskje nær det dobbelte av det som er skildra i vedlegget.

Kommunedirektøren rår difor til å imøtekoma søknaden om utbetring av løypa.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune løyver inntil kr 1 500 000,- til kjøp av preppemaskin.

Vinje kommune løyver inntil kr 300 000,- til utbetring av løypa.

Dette vert utbetalt i tråd med retningslinene, inndekning frå næringsfondet.

Saksframlegg er godkjent av , .